



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 14.12.2016
Vår ref.: 2015/12487-13
Saksbehandlar: tinsinc
Dykkar ref.:

Fråsegn til høyring av detaljregulering - Sjøvold - gnr 172 bnr 26 og del av gnr 172 bnr 6 m.fl. - Seim - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 14.11.2016 om høyring av forslag til detaljregulering for Sjøvold, Seim. Hovudføremålet i planen er bustad. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 08.12.2015.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no/plan/startpakke.

Tidlegare planprosess

Til oppstart ba Hordaland fylkeskommune om at planarbeidet la særleg vekt på areal- og transport, barn og unges interesser, friluftsliv, landskap, kulturminne og kulturmiljø, samferdsel og tettstadsutvikling. Det vart varsla synfaring med tanke på kulturminne. Synfaringa vart gjennomført 28.01.2016 og det vart gitt kulturminnefagleg fråsegn 03.02.2016. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, og potensiale for nye funn vart vurdert å vera lågt. Ein fann det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkingar i området.

Planfaglege merknader

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget, sjølv om vi saknar ei betre vurdering av konsekvensane av landskapskonsekvensane, til dømes i form av ei visualisering av tiltaka sett frå sjø. Vi ber om at ein tar omsyn til landskapet særleg slik det vert opplevd frå sjøside i tiltaka.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. I samband med varsel om oppstart av planarbeid for Sjøvold, Seim i Lindås kommune vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i planområdet, utan at det vart gjort funn av automatisk freda kulturminne. Hordaland fylkeskommune har difor ingen avgjerande merknader i saka når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser, utover at ein under opparbeiding av arealet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, ruinar/tuffer m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget. Vi ber om at ein tar omsyn til landskapet særleg slik det vert opplevd frå sjøsida i tiltaka.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Tina KM Sinclair
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Monika Cecylia Serafinska- Kultur og idrettsavdelinga, Fylkeskonservatoren
Gunhild Raddum- Samferdselsavdelinga, Transportplan

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND